

Ein får inntrykk av at energien mellom to grunneigarar i Uskedalen og Kvinnherad Venstre ikkje er god. Dette grunna partiet sin motstand mot kraftutbygging i m.a. Børsdalen.

Bjarte Døssland legg til at han i jobbsamanheng som advokat fekk god kjennskap til kva arbeidsmetodar (?) m.a. Kvinnherad Venstre nyttar seg av i ei sak. Han vil ikkje ha venstremannen Kjell Yri og turlaget på ekskursjon og gir ikkje løyve for Festidalen til å arrangere ein konsert som var tiltenkt Låganåso.

Det verkar på meg som at han er redd Kjell Yri hadde planar om å ytra seg i samband med dette treffet, og nytta seg av sin sjølvsgatte rett til å gje uttrykk for kva han meiner i ei sak som vedkjem han som "fjellmann", bygdemann og politkar. At Døssland som advokat er i mot at folk skal få ytra seg i ei sak som er ute på offentleg høyring, verkar svært urovekkande på meg.

Kvinnherad EnergiAS hadde ein god advokat i Bjarte Døssland i Muradalssaka. Han fekk medhald i saka som kraftselskapet førde mot Miljøverndepartementet. Han har då truleg fått tilgang til sakspapira som fylgde saka frå starten av, men har tydeleg ikkje fått med seg at Kvinnherad Venstre var representert i styret i Kvinnherad Kraftlag/Energi AS og i kommunestyret med underteikna i dei viktige oppstartsåra for prosjektet i Muradalen. I tillegg til å signere søknaden om stor utbygging, arbeidde partiet på fleire måtar for å få til denne utbygginga.

Dette kunne partiet gå inn for fordi det her var snakk om ei "oppgradering" av eit alt utbygd kraftanlegg og demning i fjellet. Noko heilt anna er det når ein skal ta "jomfruelege" fjell og elvar som t.d. i Børsdalen. Grunneigar Døssland er kanskje i sin rett til å nekta Kjell Yri og Turlaget å gå på "ekskursjon" til fjellet sitt, men å nekta dei å ytra seg har han ikkje løyve til. Heller ikkje å spreia den usanne påstanden om at Kvinnherad Venstre arbeida kontinuerlig for å hindre produksjon av rein og fornybar energi. Det gjere me ikkje!

Av Annemor Ekeland, styremedlem i Kvinnherad Venstre